

# Det er oppdaga hovudlus

Til foreldre/føresette

Vi ønskjer å informere om at det er oppdaga hovudlus hjå nokre barn i barnehagen. For å få bukt med problemet, ber vi dykk om å sjekke alle i husstanden så snart som mogeleg med lusekam. Berre dersom alle hjelper til, vil det vere mogeleg å bli kvitt hovudlus i nærmiljøet.

Folkehelseinstituttet tilrår at barn blir sjekka for hovudlus minst ein gong i månaden. Ettersom vi no har lus i barnehagen, ønskjer vi at de sjekkar alle i husstanden minst ein gong i veka i fire veker.

## Korleis sjekke for hovudlus?

Du oppdagar hovudlus ved å greie håret med ein lusekam (finst på apotek). Det er viktig at du greier heile håret si lengde, og at du startar heilt inst ved hovudbotnen. Folkehelseinstituttet tilrår å greie i vått hår fordi vått hår hemmar rørlene til lusa. Du kan gjerne tilsette balsam for å lette kjemminga. Tørk kammen med tørkepapir eller handkle etter kvart drag og sjå etter lus. Når lusene har tørka, vil dei begynne å røre på seg.



Nokre syns det er betre å greie i tørt hår. Personen som blir greidd bør då stå bøygd over eit kvitt handkle eller liknande, slik at lus som fell ned frå håret blir oppdaga.

- Sjå gjerne Folkehelseinstituttet sin instruksjonsfilm om hovudlus-sjekk, som du finn på:  
[www.fhi.no/lus](http://www.fhi.no/lus)

## Behandling mot hovudlus

Det finst fleire alternative behandlinger mot hovudlus:

- Behandle med lusemiddel (finst på apotek). NB! Det er viktig å følgje pakningsvedlegget nøye. Middel som inneholder verkestoffet dimetikon har vist seg å ha god effekt.
- Kjemme håret hyppig (dagleg i 14 dagar).
- Klyppe håret kortare enn 0,5 cm.

## Nyttig å vite

Barn som har hovudlus treng ikkje å vere heime frå skulen eller barnehagen, men behandling bør kome i gang raskast mogleg.

Hovudlus er ikkje farleg, men det er brysamt for den det rammar. Hovudlus smittar ved hovud-til-hovud-kontakt, og ikkje via luer, kosedyr eller andre gjenstandar. Alle kan bli smitta av hovudlus, uavhengig av alder, hårtypen osb.

Lus blir raskt svekka når dei er borte frå hovudet. Det er derfor ikkje nødvendig å vaske klede, hus og møblar.

Vi takkar for samarbeidet!

Med vennleg helsing

*Jigdis Villanger*

Teksten er utarbeidet av: